

Smartcon AS
Ytrebygdsvegen 37
5251 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9830 - 20/45148

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
08.07.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 134/141 Hilland

Tiltak: Legalisering av svømmebasseng, terrasse, anneks og vinterhage
Byggjestad: Gbnr: 134/141
Tiltakshavar: Tom Helge Larsen
Ansvarleg søkjar: Smartcon AS

Kommunen viser til søknad 20/298 (tilbygg og påbygg) og 20/9830 (legalisering av svømmebasseng, terrasse, anneks og vinterhage). Underteiknande er saksbehandlar i begge sakene.

I skriv av 09.06.2020 i sak 20/9830 vart det gjeve frist innan 09.07.2020 til å supplere søknaden med tilleggsdokumentasjon. Noverande skriv erstattar skrivet av 09.07.2020 med ny frist og skrivet gjeld for begge saker.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvant eit tiltak (tilbygg, påbygg, svømmebasseng, terrasse, anneks og vinterhage) skal listes opp med BRA/BYA og samla BRA/BYA.
2. Oppdatert skjema for opplysningar om tiltakets ytre rammer skal sendes inn med revidert BRA/BYA for samtlige tiltak.
3. Dispensasjonssøknad frå pbl. §1-8 for dei tiltaka som ligg innafor 100 meters beltet mot sjø og som ikkje er omsøkt, slik som basseng, terrasse, anneks og vinterhage.
4. Samtykke frå nabo på gbnr 134/44 (eigar er tiltakshavar Tom Helge Larsen) frå avstandskrav eller dispensasjon frå avstandskrav må sendes inn. Situasjonsplanen viser anneks plassert 1,6m frå nabogrensa og sjalusivegg i tomtegrensa/utanfor tomtegrensa.
5. Søknad om utslepp for gråvatn frå basseng skal sendast inn. Det står i vedtaket frå samferdsel- veg-, vatn og avløpsforvaltning, datert 12.05.20 i sak 20/8823 at det må søkjast om utsleppsløyve sidan klorvatn frå bassenget ikkje skal førast til kommunalt avløpssystem, men til sjøen via overvassleidningar.
6. Både dispensasjon og utslepp skal nabovarlast.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla **innan 30.07.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tom Helge Larsen

Gangstøvegen 20

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Smartcon AS

Ytrebygdsvegen 37

5251

SØREIDGREND